

Førebels innstilling på valemneportefølje

NIFS har 14 valemne. Ramma frå dekanen er 10. Nedanfor følgjer mi førebels innstilling, som reiser ulike faglege dilemma, delvis fakultetsrelaterte og delvis knytt til fleire institutt og dei særskilde mastergradane.

1. Offentlige anskaffelser, stort studentoppmøte, nystarta fag, blir vidareført
2. Forsikringsrett, relativt stort oppmøte og del av instituttsatsing på eksternfinansiert stilling i faget, blir vidareført
3. Marine Insurance, altså sjøforsikringsrett, relativt bra studentoppmøte, må sjåast i samanheng med satsinga på forsikringsrett og på vidareføring av sjørettskompetansen, blir vidareført
4. EU Substantive Law, relativt stort studentoppmøte, skal leggjast om som del av institutt og fakultetssatsing på EU External Relations – spesialisering på EUs ytre rettslege samband, inkludert EØS, knytt til tilsettinga av Christophe Hillion
5. Konkurs- og panterrett, relativt populært, valemne på lågare nivå, sentral formuerett, bør vel vidareførast
6. Maritime Law: Liability and Insurance
7. Maritime Law: Contracts
8. Sjørett: Kontrakter
9. Sjørett: Ansvar og forsikring
Dei fire sjørettsfaga, det historiske grunnlaget for instituttet, har litt varierende, men til dels relativt bra studentoppmøte. Dei engelskspråklege er knytta til instituttets mastergrad. Faga som er parallelle engelsk- og norskspråklege bør vidareførast som to parallelle sjørettsfag, der hovuddelane av pensum i dei no delte faga, blir slått saman til eitt sjørettsfag på engelsk og eitt på norsk
10. International Investment Law, relativt godt studentoppmøte, moderne viktig fag, pensum skal reviderast noko, blir vidareført
11. Petroleumskontrakter, relativt godt studentoppmøte, har tidlegare hatt endå større oppslutning. Det kan igjen bli tilfelle med heilt nyskriven pensumbok, som utvidar faget noko, blir vidareført
12. Petroleum Law, relativt bra studentoppmøte, bør ajourførast fagleg, er styringsfaget i petroleumsværksemda, må vidareførast som del av ønsket om eksternfinansiering av petroleumsværksereserking, blir vidareført i revidert stand
13. International Climate Change and Energy Law, relativt bra studentoppmøte, bør vurderast saman med eller samordnast med International Environmental Law, i vår energiomleggingstid bør det kanskje utviklast eit meir spissa energirettsfag, bør vidareførast

14. Law of the Sea, relativt ny satsing, desverre for lågt studentoppmøte, bør vidareførast som del av generell internasjonalt retta portefølje på fakultetsnivå? For instituttet kan det ikkje vidareførast med den noverande ramma

Oppsummering

Samanslåing av sjørettsfaga og innstilling av Law of the Sea tar omfanget ned til 11 fag. Dersom ikkje International Climate Change and Energy Law kan leggjast i ein generell internasjonalt retta fag-kvote, og gjerne saman med Law of the Sea, bør vel Konkurs- og panterett innstillast endå det har bra oppmøte fordi det ikkje står så sentralt i dei særskilde faglege satsingane på instituttet.

Ola Mestad
Instituttleiar